

FAGLIG INTEGRASJON PSYKISK HELSEVERN OG RUS

BAKGRUNN

Utgangspunktet for utviklingsarbeidet er omsynet til den relativt store pasientgruppa med samansett problematikk som kan knytast til begge fagområda **(RoP-pasientar)**. Dette er ei sårbar gruppe som treng eit godt tilbod i spesialisthelsetenesta.

Målsettinga med prosjektet som har vore gjennomført hausten 2019, var å gi faglige råd for eit meir heilskapleg behandlingstilbod innan rusmedisin og psykisk helsevern.

Sju tverrfaglege arbeidsgrupper fekk i oppdrag å:

- Kartlegge og evaluere dagens tilbod og samarbeid
- Beskrive kva faglege utfordringar som vil møte oss i framtida
- Tilrå tiltak for målet om meir heilskapleg behandling
- Skissere kva organisatoriske løysingar som understøttar målet

FAGLEGE TILRÅDINGAR FRÅ PROSJEKTET

- **Områdeperspektivet og tilgjenge der folk bur**: Krev organisering i tett samhandling med kommunane, med de-sentrale, ambulante og sektoriserde tilbod.
- **Kontinuitet og samordning på tvers og over tid**: Krev implementering av strukturerte pasient-forløp på tvers av omsorgsnivå, einingar og sektorar med klare og forpliktande avtalar og rollar.
- **Tverrfagleg døgntil behandling og pasientflyt**: Krev ein gjennomgang av dagens døgntil behandling og pasientflyt – særleg akuttflyten. Ein må styrke det tverrfaglege perspektivet med blanda einingar og ambulante team.
- **Aldersrelaterte behov – born/unge og eldre**: Krev eit styrka tilbod til yngre pasientar, og ein gjennomgang av funksjonsdelinga mellom ulike sektorar. Tilgjenge for eldre må styrkast.
- **Systematisk satsing på kompetansebygging og forskning**: Krev ei systematisk tilnærming for å etablere og vedlikehalde eit solid felles fagleg fundament for tenestene til RoP-pasientar.

PROSJEKTET SI TILRÅDING TIL VIDARE OPFØLGING

- Nokre av tiltaka prosjektet tilrår treng vidare utgreiing og avklaring før dei blir konkrete nok til å kunne implementerast. Enkelte tiltak har også grenseflater mot andre satsingsområde utover det som er handsama i prosjektet.
- Dei områda ein frå prosjektet ser som spesielt aktuelle for vidare utgreiing, er knytt til forslaget om å opprette ny RoP-døgneining og etablering av nye og styrka tilbod for barn og unge der også somatikk og andre eksterne aktørar er involvert.
- Det er store og utfordrande utviklingsoppgåver innanfor ansvarsområda for begge dei to klinikkane.
- Implementering av dei konkrete tiltaka som vert tilrådd skal gjerast med linjeleiinga som ansvarleg.

ADMINISTRERANDE DIREKTØR SI TILRÅDING

- AD meiner at prosjektet på ein god måte svarar ut korleis ein kan forbetre tilbodet til pasientar med samansette helseproblem gjennom styrka fagleg integrering og utvikling av felles tilbod til brukarane.
- For å lukkast med prosessen vidare, er det viktig å vidareføre det sterke faglege fundamentet for endringane, med sterk forankring og brei deltaking frå dei ulike fagmiljøa.
- Særleg viktig er det at ein sørgjer for at leiarar og medarbeidarar frå den tidlegare Bergensklinikken får høve til å komme aktivt med vidare i dei ulike prosessane.

KONKRETE TILTAK SOM SKAL GJENNOMFØRST

- 1. Sektorisering av tenestetilbødet**
- 2. Etablering av eit nytt felles døgntilbød for RoP-pasientar**
- 3. Etablering av felles ambulante team**
- 4. Styrke gjennomføringa av RoP-forløpet**
- 5. Felles kompetansebygging og arenaer for samhandling**

BEHOV FOR EI MEIR UTFYLLANDE UTGREIING OG BREI TILNÆRMING NÅR DET GJELD TILBODET TIL BARN OG UNGDOM

AD vil ta initiativ til:

- Ei brei tverr-sektoriell utgreiing av tilbodet til barn og ungdom
- Vi inviterer relevante samarbeidspartar til ein felles satsing på barn og ungdom som treng oppfølging og tilbod frå fleire aktørar.
- Vi samlar interne aktørar i Helse Bergen på tvers av heile organisasjonen for å gjennomgå alle våre tilbod og satsingar for denne målgruppa.
- Arbeidet skal munne ut i ein konkretisert plan for samarbeid og satsingar som vi forpliktar oss til å gjennomføre.

TIDSPLAN FOR DET VIDARE ARBEIDET

18. mai	Orientering til private ideelle samarbeidspartar
19. mai	Orientering om rapporten i Føretaksleiinga
I mai månad	Orientering om rapporten i leiargruppene, og i dialog med verneombod og tillitsvalde i AFR og DPH
25. mai	Orientering om rapporten i dialog og drøftingsmøte med HTV og hovudverneombod i Helse Bergen
I juni månad	Orientering om rapporten i Brukarutvalet, Erfaringspanelet og Ruspanelet
I juni månad	Rapporten og vidare framdrift blir handsama i AMU AFR og AMU DPH
17. juni	Rapporten blir handsama i FAMU
19. juni	Styret i Helse Bergen blir orientert om rapporten og vidare prosessar